


13. desember 2001

# Aktuell utdanningsstatistikk

Statistics Norway



Statistisk sentralbyrå

**Grunnskolen i Noreg**

Nøkkeltal 2001



Publisert i samarbeid med  
Kyrkje-, utdannings- og  
forskningsdepartementet

**7/2001**

## Aktuell utdanningsstatistikk

I *Aktuell utdanningsstatistikk* blir statistikk på ulike emneområde innafor utdanningsstatistikken publisert.

**Hugs å gje opp kjelde:** Aktuell utdanningsstatistikk/Statistisk sentralbyrå.

**Ansvarleg seksjon:** Seksjon for befolknings- og utdanningsstatistikk.

**Redaktør:** Elisabetta Vassenden.

### Redaksjonsmedarbeidrarar:

Sissel Ferstad, tlf. 62 88 55 79, e-post:

sissel.ferstad@ssb.no,

Terje Krokstad, tlf. 62 88 52 91, e-post:

terje.krokstad@ssb.no

**Redigering:** Camilla Juvet

**Prisar:** Per år kr 500,00 inkl. mva. Enkeltnummer kr 65,00 inkl. mva.

### Spørsmål om sal kan rettast til :

Statistisk sentralbyrå, Salg- og abonnement-service, N-2225 Kongsvinger, tlf. 62 88 55 00, faks 62 88 55 95, e-post: salg-abonnement@ssb.no.

ISSN 1500-4295

F-48-01

## Innhald

### I Oversiktsdel

1. Innleiing .....	3
2. Skolar .....	5
3. Klassar i grunnskolen .....	7
4. Elevar i grunnskolen .....	9
5. Ressursinnsatsen i grunnskolen .....	12

Vedleggstabellar .....	14
------------------------	----

## Elektronisk formidling

Forutan papirutgåva finst publikasjonen i elektronisk versjon under SSB si webteneste på Internett. Adressa er <http://www.ssb.no>. Tabellane kan lastast ned i Excel.

## Andre tabellar

Spesialtabellar kan tingast frå Statistisk sentralbyrå.

## Standardteikn

Standardteikn i tabellar	Symbol
Tal er umogleg	.
Oppgåve manglar	..
Oppgåve manglar førebels	...
Tal kan ikkje offentleggjera	:
Null	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
Førebels tal	*
Brot i den loddrette serien	—
Brot i den vannrette serien	
Retta sidan førre utgåve	r
Desimalskiljeteikn	,(.)

## Innleiing

Gjennom *Aktuell utdanningsstatistikk* ønsker Statistisk sentralbyrå å gjere utdanningsstatistikken lettare tilgjengeleg og meir aktuell. Statistisk sentralbyrå ønsker også å presentere eit breiare spekter av statistikk om elevar og studentar i Noreg. Serien prøver også å dekkje behova for nøkkeltal for utdanningssektoren.

*Aktuell utdanningsstatistikk* er finansiert av Statistisk sentralbyrå og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i fellesskap. Både Statistisk sentralbyrå og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet medverkar med materiale til publikasjonserien. Statistisk sentralbyrå har det redaksjonelle ansvaret for publikasjonane og står ansvarleg for den faglege kvaliteten.

*Aktuell utdanningsstatistikk* blir gjeve ut ca. 10 gonger årleg, og inneheld mellom anna sektorpublikasjonar for grunnskolar, vidaregåande opplæring, universitet og høgskolar og vaksenopplæring. Det blir også gjeve ut ein publikasjon med hovudtal for alle sektorane.

Denne publikasjonen inneheld grunnskolestatistikk. Både statistikk over skolar, klassar og elevar står sentralt. I ein eigen temadel blir lærarstatistikk presentert. I framstillinga er det lagt vekt på å gje eit bilet av utviklinga dei siste åra.

# 1. Innleiing

Kommunane har ansvaret for at alle barn og unge får grunnskoleopplæring i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Frå skoleåret 1997/98 består den obligatoriske grunnskolen av 10 klassestrinn. Barna startar vanlegvis i skolen det året dei fyller seks og sluttar det året dei fyller 16 år.

Grunnskolen er delt i tre hovudtrinn:

- småskoletrinnet med 1.-4. klasse (minstetimetall: gjennomsnittleg 760 timer per år)
- mellomtrinnet med 5.-7. klasse (minstetimetall: gjennomsnittleg 1 026 timer per år)
- ungdomstrinnet med 8.-10. klasse (minstetimetall: gjennomsnittleg 1 140 timer per år)

Minstetimetallet er det timetalet elevane skal ha i løpet av skoleåret, og dette er fastsett i læreplanverka. Samla minstetimetall for 1.-10. klassestrinn er 9 538 timer.

På 1.-7. trinn er største tillatne elevtal per klasse 28; på 8.-10. trinn er det 30. Førsteklassar med fleire enn 18 elevar skal ha to pedagogar i alle timer.

Grunnskoleopplæringa i Noreg er desentralisert, og elevane går derfor på skolar av svært ulik storleik. Skoleåret 2000/01 gjekk bortimot 10 prosent av elevane i skolar med under 100 elevar, 43 prosent gjekk i skolar med mellom 100 og 300 elevar, og 47 prosent gjekk i skolar med over 400 elevar.

Talet på små og mellomstore skoler har gått noe ned dei siste åra. Talet på store skoler har auka. Delen skoler med fleire enn 300 elevar har auka frå 19 prosent i skoleåret 1997/98 til 22 prosent i skoleåret 2000/01. Utviklinga i skolestrukturen er langt på veg ei følge av endringar i busetjingsmønster og demografi.

11 prosent av elevane går på fådelte skoler. Det er likevel berre 7 prosent av elevane som går i klasser med elevar frå fleire årskull.

Elevtalet i grunnskolen gjekk gradvis opp frå skoleåret 1997/98 til 2000/01. Skoleåret 2000/01 var det ca. 590 500 elevar i grunnskolen, over 10 000 fleire enn året før og 32 000 fleire enn skoleåret 1997/98, då seksåringane kom inn i skolen.

Det var 29 437 klasser i grunnskolen skoleåret 2000/01. Det er 396 fleire enn året før. Auken i klassesetalet har vore noko mindre enn auken i elevtalet. I gjennomsnitt var det 20,1 elevar i klassane skoleåret 2000/2001.

Frå 1997 til 1999 var ressursbruken i grunnskolen per elev og per klasse nokså stabil, men noko aukande, målt i 1999-kroner. I 1997 var dei gjennomsnittlege driftsutgiftene per elev 47 400 kroner, i 1998 var dei 48 300 og i 1999 var dei 49 000. Driftsutgiftene per klasse har stige frå 941 600 kroner til 980 600 kroner per klasse i same perioden. Driftsutgiftene per elev varierar etter kor mange elevar det er i kommunen. Kommunar med under 300 elevar og med gjennomsnittleg små klasser hadde 46 prosent høgare driftsutgifter per elev enn kommunar med mellom 2 400 og 10 000 elevar og gjennomsnittleg store klassar.

## Om statistikken

*Nøkkeltal for grunnskolen* viser kvantitative storleikar. Utviklingstrekk som mellom anna gjeld elevgrunnlag, skolestruktur og timefordelingar framstilte i figurar, tabellar og tekst.

Data er henta frå Grunnskolens informasjonssystem for 1993/94-1999/2000. GSI vart utvikla og drive av Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet (KUF) fram til og med skoleåret 1997/98. Frå og med skoleåret 1998/99 er driftsansvaret for databasen overført til Statistisk sentralbyrå (SSB). Data i basen er gitt på skolenivå og omfattar mellom anna elev- og klassesetal, minstetimetallet (grunnressursen som er nødvendig for å ha ein pedagog per klasse per år i alle skolar), andre årstimer (lærartimar), årsverk, elevar frå språklege minoritatar, og elevar som får spesialundervisning etter enkeltvedtak ved vanlege kommunale, interkommunale, fylkeskommunale, statlege og private grunnskolar. Statistikken blir innhenta til SSB frå kommunane via statens utdanningskontor, med årleg registreringstidspunkt 1. september.

Data for skolefritidsordninga er henta frå KUFs SFO-base for åra 1995 til 1998. Frå og med skoleåret 1999/2000 er data for SFO henta frå GSI.

**1.1. Grunnskolen. Elevar, klassar og skolar. Skoleåra 1992/93-2000/01<sup>1</sup>**


Skoleår	Elevar	Klasser	Skolar	Elevar per klasse
1992/93 .....	462 594	23 972	3 321	19,3
1993/94 .....	468 247	24 062	3 330	19,5
1994/95 .....	471 870	24 045	3 313	19,6
1995/96 .....	478 605	24 288	3 290	19,7
1996/97 .....	486 739	24 529	3 287	19,8
1997/98 .....	558 247	28 136	3 273	19,8
1998/99 .....	568 666	28 628	3 277	19,9
1999/00 .....	580 261	29 073	3 272	20,0
2000/01 .....	590 471	29 437	3 260	20,1

<sup>1</sup> Tabellen omfattar statlege, kommunale + "interkommunale" og private grunnskolar. Elevtal og klasstal ved norske grunnskolar i utlandet, og spesialskolar og institusjonsskolar, er ikkje med i tabellen. Frå og med skoleåret 1993/94 inkluderer tabellen spesialklassar ved vanlege grunnskolar og eigne klassar for språklege minoritetar og elevane i desse. Kjelde: GSI.

## 2. Skolar

### Om statistikken

Grunnskolane består av fulodelte skolar der elevane i alle klassar er frå same årskull og av fådelte skolar der elevar frå fleire årskull går i same klasse.

Grunnskolane er vidare inndelte i desse tre gruppene etter kva klassetrinn elevane på skolen høyrer til:

- **Barneskolar** har *berre* elevar på 1.-7. klasse trinn
- **Ungdomsskolar** har *berre* elevar på 8.-10. klassetrinn
- **Kombinerte skolar** har elevar *både* på 1.-7. klassetrinn og på 8.-10. klassetrinn

### 2.1. Grunnskolar

2.1. Grunnskolar, etter skoleslag og skoletype.  
Skoleåret 2000/01



Skoletype	I alt	Barne-skolar	Kombinerte skolar	Ungdom-skolar
I alt.....	<b>3260</b>	<b>2066</b>	<b>705</b>	<b>489</b>
Fulodelte skolar .....	2030	1216	332	482
Fådelte skolar .....	1230	850	373	7

Kjelde: GSI.


Skoleåret 2000/01 var det 3 260 grunnskolar i Noreg. Barneskolane utgjorde 63 prosent, kombinerte barne- og ungdomsskolar 22 prosent og reine ungdomsskolar 15 prosent. 61 prosent av skolane var fulodelte, 39 prosent fådelte. Dei fleste fådelte skolane var barneskolar, men prosentdelen fådelte skolar er størst blant dei kombinertere barne- og ungdomsskolane (53 prosent).

Det er fortsatt mange små skolar i Noreg. 37 prosent av skolane har under 100 elevar. 22 prosent av skolane har over 300 elevar. Utviklinga dei seinare åra viser nedgang i den delen av skolane som har få elevar og auke i prosentdelen mellomstore og store skolar.

Skoleåret 2000/01 gjekk 10 prosent av grunnskoleelevarane på skolar med under 100 elevar, 43 prosent på skolar med mellom 100 til 300 elevar, og 47 prosent på skolar med over 400 elevar. Tendensen til auke i den delen av elevane som går i skolar med over 300 elevar held fram. Denne delen har gått opp frå 43 prosent skoleåret 1997/98 til 47 prosent skoleåret 2000/01.

Den desentraliserte skolestrukturen viser seg også ved at ein stor del av skolane i Noreg er fådelte. I løpet av perioden frå 1997/98 til 2000/01 har det vore ein samla nedgang på 103 fådelte skolar. Den delen av grunnskoleelevarane som går i fådelte skolar, har minka frå 13 til 11 prosent i perioden 1997/98 – 2000/01.


Figur 2.1. Del skolar, etter skolestørleik (elevtal).  
Skoleåra 1997/98 - 2000/01. Prosent<sup>1</sup>



<sup>1</sup> Talgrunnlag i vedleggstabell 1.

Kjelde: GSI.

Figur 2.2. Del elevar, etter sklestørleik (elevtal)  
Skoleåra 1997/98-2000/01. Prosent<sup>1</sup>



<sup>1</sup> Talgrunnlag i vedleggstabell 2.

Kjelde: GSI.

**2.2. Fådelte og fulodelte skolar. Elevar ved fådelte og fulodelte skolar. Skoleåra 1997/98-2000/01**



Skoleår	Skolar			Elevar		
	I alt	Fulodelte	Fådelte	I alt	Fulodelte	Fådelte
1997/98 ..	3 273	1 940	1 333	558 247	485 382	72 865
1998/99 ..	3 277	2 001	1 276	568 666	502 705	65 961
1999/00 ..	3 272	2 012	1 260	580 261	514 079	66 182
2000/01 ..	3 260	2 030	1 230	590 471	526 099	64 372

Kjelde: GSI.

Noreg.

**2.5. Spesialskolar og institusjonsskolar. Skolar og elevar. Skoleåra 1997/98-2000/01**



Skoleår	Skolar	Elevar
1997/98 ..	122	2 253
1998/99 ..	117	1 917
1999/00 ..	109	1 835
2000/01 ..	107	1 797

Kjelde: GSI.

**2.2. Nedlagde og oppretta skolar**

Frå skoleåret 1999/2000 til 2000/01 vart det lagt ned 44 skolar og oppretta 32 nye.

Av tilstandsrapportane frå statens utdanningskontor går det fram at dei fleste av dei 44 registrerte nedleggingane var reelle i den forstand at dei var resultat av endra skolestruktur i kommunane, og ikkje administrative endringar. Dei fleste av dei nedlagde skolane var udelte eller fådelte.

**2.3. Nedlagde og oppretta skolar, etter skoletype og skoleslag. Skoleåra 1998/99-1999/00**



Skoletype	Nedlagde			Oppretta		
	I alt	Fulodelte	Fådelte	I alt	Fulodelte	Fådelte
I alt.....	<b>44</b>	<b>9</b>	<b>35</b>	<b>32</b>	<b>16</b>	<b>16</b>
Barneskolar .....	37	6	31	21	11	10
Kombinerte skolar .....	4	1	3	6	3	3
Ungdomsskolar .....	3	2	1	5	2	3

Kjelde: GSI.

**2.4. Spesialskolar**

1. september skoleåret 2000/01 var det i følgje GSI 107 spesialskolar i Noreg, to færre enn året før. Ved desse skolane var det 1 797 elevar, ein nedgang frå 1 835 i 1999/2000. Talet på spesialskolar og skolar ved institusjonar er redusert frå 122 i 1997/98 til 107 i 2000/01. Nedgangen i talet på spesialskolar har vore jamm i heile perioden. Årsakene til reduksjonen er både nedlegging av spesialskolar og at spesialskolar er innlemma som avdelingar i vanlege grunnskolar.

**2.4. Skolar og elevar, etter skolens eigarform. Skoleåra 1997/98-2000/01**



Skoleår	Skolar		Elevar	
	Offentleg	Privat	Offentleg	Privat
1997/98 ..	3 205	68	549 659	8 588
1998/99 ..	3 206	71	559 710	8 956
1999/00 ..	3 191	81	570 883	9 378
2000/01 ..	3 172	88	580 418	10 053

Kjelde: GSI.

**2.3. Private grunnskolar**

Skoleåret 2000/01 var det 88 (eller 2,7 prosent) private grunnskolar i Noreg, i følgje GSI. Det var 7 fleire enn året før. Ved desse skolane var det 10 053 elevar, som utgjorde 1,7 prosent av det samla elevtalet i grunnskolen. Auken i elevtalet ved private skolar frå 1999/2000 til 2000/01 (7,2 prosent) var større enn den samla auken i elevtalet i grunnskolen (1,8 prosent). Sjå elles Aktuell utdanningsstatistikk nr. 4/2001 om private skolar i

# 3. Klassar i grunnskolen

## 3.1. Klassar og elevar<sup>1</sup>, etter talet på årskull i klassen. Skoleåra 1997/98-2000/01



Årskull i klassen	1997/98		1998/99		1999/2000		2000/2001	
	Klassar	Elevar	Klassar	Elevar	Klassar	Elevar	Klassar	Elevar
I alt.....	<b>27 868</b>	<b>556 323</b>	<b>28 337</b>	<b>567 005</b>	<b>28 715</b>	<b>577 778</b>	<b>29 117</b>	<b>587 325</b>
1 .....	24 754	513 576	25 162	523 676	25 627	535 571	26 182	546 510
2 .....	2 166	31 851	2 249	32 746	2 203	32 288	2 070	30 784
3 .....	716	8 481	696	8 160	667	7 815	645	7 827
4 .....	166	1 781	160	1 759	157	1 517	160	1 614
5 .....	40	374	36	324	33	307	32	309
6 .....	16	154	24	235	17	175	24	240
7 .....	9	96	9	96	11	105	4	41
8 .....	1	10	1	9	-	-	-	-

<sup>1</sup> Omfattar ikkje spesialklassar og eigne klassar for språklege minoritetar i vanlege grunnskolar.

Kjelde: GSI.

## 3.2. Del klassar og elevar, etter klassestorleik (elevtal). Skoleåra 1997/98-2000/01. Prosent<sup>1</sup>



Klassestorleik (elevtal)	1997/98		1998/99		1999/2000		2000/2001	
	Del av klassane	Del av elevane						
I alt.....	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>
Mindre enn 13 .....	10,3	4,8	10,3	4,8	9,9	4,6	9,6	4,3
13 - 18 .....	26,4	21,0	25,9	20,5	25,3	20,0	25,0	19,7
19 - 24 .....	40,0	43,2	40,1	43,2	40,5	43,4	41,3	44,2
25 eller meir.....	23,4	31,1	23,6	31,4	24,3	32,1	24,1	31,8

<sup>1</sup> Omfattar ikkje spesialklassar og eigne klassar for språklege minoritetar i ordinære grunnskolar.

Kjelde: GSI.

Skoleåret 2000/01 var det til saman 29 437 klassar i grunnskolen. Av desse var det 320 spesialklassar eller klassar for språklege minoritetar. Av dei resterande inneholdt 2 935 meir enn eitt årskull (fådelte). I slike klassar gjekk det 40 815 elevar. Dette er færre klassar og elevar enn skoleåret før. Denne tendensen har vore klar dei siste åra.

Det er berre sju prosent av elevane som går i klassar med elevar frå fleire årskull. 11 prosent av klassane har meir enn eit årskull. Mindre enn to prosent av elevane går i klassar med elevar frå tre eller fleire årskull. Delen elevar i klassar med eit årskull har auka frå 92 til 93 prosent frå skoleåret 1997/98 til skoleåret 2000/01.

Tre av fire elevar går i klassar med over 18 elevar. Denne delen har auka noko dei fire siste åra. Desse større klassane utgjer òg ein aukande del av det samla klasstallet.

## 3.3. Klassar, elevar og elevar per klasse. Skoleåra 1997/98-2000/01



Skoleår	Klassar	Elevar	Elevar per klasse
1997/98 .....	28 136	558 247	19,8
1998/99 .....	28 645	569 044	19,9
1999/00 .....	29 073	580 261	20,0
2000/01 .....	29 448	590 471	20,1

Kjelde: GSI.

Sedd under eitt er det ein svak men jamn tendens mot større gjennomsnittleg klassestorleik. Skoleåret 1997/98 var det gjennomsnittleg 19,8 elevar mot 20,1 skoleåret 2000/2001. Denne auken må sjåast i samanheng med elevtalsauken same periode.

**3.4. Elevar per klasse, etter kommunestorleik  
(elevtal i kommunen). Skoleåra 1997/98-  
2000/01**



Kommune- storleik (elevtal (i kommunen)	Skoleår			
	1997/98	1998/99	1999/00	2000/01
I alt .....	<b>19,5</b>	<b>19,7</b>	<b>19,8</b>	<b>20,1</b>
Mindre enn 300 .....	13,7	13,8	13,7	14,1
300 - 699 .....	16,9	16,8	16,9	17,1
700 - 2 399 .....	19,3	19,4	19,5	19,6
2 400 - 9 999 .....	21,0	21,0	21,1	21,1
10 000 eller meir .....	22,6	22,5	22,5	22,4

Kjelde: GSI.

Alle dei minste kommunane har hatt ein auke i gjennomsnittleg klassestorleik frå 1997/98 til 2000/01. I kommunegruppa med mindre enn 300 elevar har til dømes gjennomsnittleg klassestorleik auka frå 13,7 til 14,1 elevar i perioden. I kommunegruppa med flest elevar var det ein svak nedgang i gjennomsnittleg elevtal i klassane.

Auken i gjennomsnittleg klassestorleik i dei små kommunane og nedgangen i dei største kommunane fører med seg ein utjamning i storleik på klassane rundt om i landet.

# 4. Elevar i grunnskolen

## 4.1. Utviklinga i elevtalet


Tabell 1.1 i innleiingskapitlet viser at talet på elevar i grunnskolen har auka med omlag 32 000 frå skoleåret 1997/98 til 2000/01. Auken kjem av at kulla som har kome inn i grunnskolen i perioden er større enn dei som har gått ut av grunnskolen. Auken vil halde fram nokre år til. Auken i talet på elevar er størst i kommunar der elevtalet er høgst.

## 4.2. Elevar som fekk spesialundervisning ved vanlege grunnskolar

Skoleåret 1999/2000 fekk 33 675 elevar i grunnskolen gjennom enkeltvedtak tildelt timer til spesialundervisning med undervisningspersonale. Denne elevgruppa utgjorde i underkant av 6 prosent av alle grunnskoleelevarne det skoleåret.

Om lag 8 prosent av gutane og i underkant av 4 prosent av jentene fekk spesialundervisning skoleåret 1999/2000. Det var lite endring i forhold til tidlegare år. Det er altså langt fleire gutter enn jenter i grunnskolen som får spesialundervisning etter enkeltvedtak: gutane utgjorde om lag 70 prosent.

Figur 4.1. Elevar som fekk spesialundervisning, etter kjønn og tildelte timetal. Skoleåret 1999/2000<sup>1</sup>



<sup>1</sup> Talgrunnlag i vedleggstabell 3.  
Kjelde: GSI.

Når det gjeld tildelingsprofilen for gutar og jenter, er skilnadene ikkje store. 21 prosent av gutane og 22 prosent av jentene som fekk spesialundervisning gjennom enkeltvedtak, fekk i 1999 mindre enn 100 timer per år. 62 prosent av gutane og 60 prosent av jentene fekk mellom 101 og 360, medan 17 prosent av gutane og 18 prosent av jentene fekk meir enn 360 årstimer. For både gutar og jenter har den delen som får tildelt inntil 100 timer per år, gått noko ned frå 1997/98 til 1999/2000.

Per 1. september 2000 hadde om lag 34 200, eller i underkant av 6 prosent av elevane i grunnskolen, fått tildelt timer til spesialundervisning for skoleåret 1999/2000.

## 4.3. Elevar ved spesialskolar og institusjons-skolar

1. september 2000 var det registrert 1 797 elevar ved i alt 107 spesialskolar og institusjonsskolar, ein nedgang frå 1 835 i 1999. Elevane ved spesialskolane utgjorde 0,3 prosent av alle elevane i grunnskolen.

Tabell 4.1 viser tal på spesialskolar og tal på elevar ved spesialskolane skoleåra 1997/98 til 1999/2000 under desse kategoriane:

- Oppsökjande verksemd: elevar som har vore til diagnostisering, utreiing eller liknande.
- Korttidselevar: elevar som har opphalde seg ved skolen mindre enn 13 veker.
- Langtidselevar: elevar som har opphalde seg ved skolen 13 veker eller meir.

4.1. Spesialskolar og elevar ved spesialskolar. Skoleåra 1997/98-1999/2000

Skoleår	Skolar	Elevar i oppsökjande verksemd	Korttidselevar	Langtidselevar
1997/98 .....	122	1 917	4 190	864
1998/99 .....	117	750	2 387	827
1999/00 .....	109	980	1 946	729

Kjelde: GSI.

Om lag 980 elevar var til diagnostisering, utreiing eller liknande (oppsökjande verksemd) i skoleåret 1999/2000. Det er ein auke frå 750 i 1998/99. Talet på korttidselevar var i 1999/2000 nærmare 2 000, ein nedgang på om lag 400 frå 1998/99 og ein nedgang på om lag 2 200 elevar frå 1997/98. Det var 829 registrerte langtidselevar i 1999/2000, ein reduksjon på om lag 100 i forhold til 1998/99.

#### 4.4. Elevar i grunnskolen med særskild norsk-opplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring

Skoleåret 2000/01 fekk 31 200 elevar særskild norsk-opplæring og 17 100 elevar fekk morsmålsopplæring eller tospråkleg fagopplæring. Elevar som får særskilt norskopplæring utgjer 5,3 prosent av den totale elevmasen i Noreg.


#### 4.2. Elevar med morsmålsopplæring eller tospråkleg fagopplæring, etter morsmål. Skoleåra 1997/98-2000/01

Morsmål	Skoleår			
	1997/98	1998/98	1999/00	2000/01
I alt.....	<b>11 293</b>	<b>11 717</b>	<b>12 189</b>	<b>17 054</b>
Urdu .....	1 670	1 646	2 108	2 701
Albansk .....	755	766	1 142	1 693
Vietnamesisk.....	1 202	1 181	1 033	1 396
Somalisk .....	454	650	756	1 245
Bosnisk .....	1 131	1 072	972	1 099
Arabisk .....	503	702	788	1 082
Kurdisk .....	171	241	429	880
Tyrkisk .....	703	701	613	864
Spansk .....	574	608	415	742
Engelsk .....	575	651	517	607
Tamil .....	454	396	488	565
Andre .....	3 101	3 103	2 928	4 180

Kjelde: GSI.

Det er ein auke på rundt 5 000 elevar som får morsmålsopplæring eller tospråkleg fagopplæring frå skoleåret 1999/2000 til skoleåret 2000/2001. Det er flest elevar som får slik undervisning på urdu i Noreg, men vietnamesisk og albansk utgjer òg store grupper.


#### Figur 4.2. Delen elevar med særskild norsk-opplæring. Skoleåra 1999/00-2000/01. Prosent<sup>1</sup>



<sup>1</sup> Talgrunnlag i vedleggstabell 4.

Kjelde: GSI.

Figur 4.3. Delen elevar med morsmålsopplæring eller tospråkleg fagopplæring. Skoleåra 1999/00-2000/01. Prosent<sup>1</sup>



<sup>1</sup> Talgrunnlag i vedleggstabell 5.

Kjelde: GSI.

Det er ein auke på rundt 3 000 elevar som får særskilt norskopplæring frå skoleåret 1999/2000 til skoleåret 2000/2001.

Ein stor del av auken i talet på elevar som får morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og særskilt norskopplæring, har funne stad i Oslo. Men dette kan òg skuldast underrapporteringar tidlegare år.


#### 4.4. Skolefritidsordninga (SFO)

Hausten 2000 var det registrert 121 445 barn i skolefritidsordninga (SFO), ein liten auke frå året før. 63 prosent av 1.-klassingane, 59 prosent av 2.-klassingane, 48 prosent av 3.-klassingane og 26 prosent av 4.-klassingane har plass i SFO. Dekningsgraden har auka for alle klassetrinn frå førre skoleåret.

Talet på tilsette i skolefritidsordninga ser ut til å ha beta seg noko dei siste tre åra. I 1997 var det 18,6 barn per årsverk i gjennomsnitt. I 2000 var talet på barn per årsverk redusert til 17,3. Hausten 2000 var det 8,6 barn per tilsett i SFO. Talet på barn per tilsett har vore stabilt dei siste åra. Størstedelen av dei tilsette i skolefritidsordninga er assistenter og arbeider deltid.

Gjennomsnittleg maksimal foreldrebetaling har auka med om lag sju prosent frå 1999 til 2000. Dette er noko meir enn prisstiginga elles i denne perioden.


**Figur 4.4. Delen av 1.-4.-klassingane med plass i skolefritidsordninga (SFO). Hausten 1999-2000. Prosent<sup>1</sup>**



<sup>1</sup> Talgrunnlag i vedleggstabell 6.

Kjelde: GSI.


**Figur 4.6. Gjennomsnittleg maksimal foreldrebetaling per måned i skolefritidsordninga (SFO). Hausten 1999 og 2000<sup>1</sup>**



<sup>1</sup> Talgrunnlag i vedleggstabell 8.

Kjelde: GSI.

**Figur 4.5. Barn per tilsett og barn per årsverk i skolefritidsordninga (SFO). Hausten 1999-2000<sup>1</sup>**



<sup>1</sup> Talgrunnlag i vedleggstabell 7.

Kjelde: GSI.

# 5. Ressursinnsatsen i grunnskolen

## Om statistikken

Tala for kommunale driftsutgifter er henta fra SSBs kommunerekneskap kap. 1.21 og 1.26 for åra 1997 til 1999. Med kommunale driftsutgifter er her meint utgifter ført på postane 01-12 og 15-29 i kap. 1.21 og 1.26. Overføringer til andre kommunar og inntekter frå andre kommunar er ikkje med i utgiftsomgrepet, sidan ein ikkje har trekt frå elevar frå andre kommunar eller lagt til elevar i andre kommunar når ein ser på utgifter per elev i den enkelte kommunen. Dei nominelle rekneskapstala er prisjusterte med ein indeks for samla prisendring for kommunale kjøp av varer og tenester. Utgiftene i dette kapitlet er målte i faste kroner med basisår 1998.

Årstimar til ulike undervisningsformål er henta fra GSI. Minstetimetalet er den grunnressursen i form av lærartimar som er nødvendig for å ha ein pedagog per klasse per år i alle skolar. Utover denne basisressursen er bruken av lærartimar til desse undervisningsformåla registrert: spesialundervisning etter enkeltvedtak, delingstimar utanom tilvalsfag; dessutan anna, som omfattar delingstimar til tilvalsfag og årstimar til morsmålsopplæring for elevar frå språklege minoritetar. I tillegg kjem timer til diverse undervisningsformål og ikkje-fordelte lærartimar.

Elev- og klassetal omfattar vanlege kommunale og interkommunale grunnskolar. Elevar ved spesialskolar er ikkje medrekna. Når ein samanliknar utgifter per elev og per klasse mellom kommunar, tek ein dermed ikkje omsyn til at somme kommunar kan ha ein større del elevar ved spesialskolar, eventuelt ved interkommunale spesialskolar, enn andre kommunar.

## 5.1. Grunnskolens økonomi

### 5.1. Driftsutgifter i alt (kommunerekneskapen kap. 1.21 og 1.26) per elev og per klasse i 1000 1999-kroner. 1997-1999



År	Driftsutgifter i alt	Driftsutgifter per elev	Driftsutgifter per klasse
1997 .....	24 265 270	47,35	941,6
1988 .....	27 051 960	48,32	961,9
1999 .....	27 948 870	48,97	980,6

Kjelde: Elev- og klassetal: GSI, økonomital: SSB.

Kommunerekneskapane (kap. 1.21 og 1.26) viser at dei samla driftsutgiftene i grunnskolen i 1999 var på 27,9 mrd. kroner. Gjennomsnittlege driftsutgifter per elev var 49 000 kroner, og utgiftene per klasse 980 600 kroner, jf. tabell 5.1. (Fordi definisjonen på driftsutgifter avviker frå definisjonen i Aktuell utdanningsstatistikk nr. 1/2001, blir tala her noko forskjellig.)

Dei samla driftsutgiftene til grunnskolen, målte i 1999-kroner, steig med om lag 900 mill. kroner (3,3 prosent) i perioden 1997 til 1999.

### 5.2. Elevar per klasse og driftsutgifter 1999 (kommunerekneskapen kap. 1.21 og 1.26) per elev og klasse, etter kommunestorleik (elevtal). 2000/01. 1000 kroner<sup>1</sup>



Kommune-storleik (elevtal i kommunen)	Elevar per klasse	Driftsutgifter per elev	Driftsutgifter per klasse
I alt .....	<b>20,0</b>	<b>49,0</b>	<b>981</b>
Mindre enn 300 .....	13,7	67,7	929
300 - 699 .....	16,9	56,8	962
700 - 2 399 .....	19,6	48,4	946
2 400 - 9 999 .....	21,2	46,1	979
10 000 eller meir .....	22,6	47,3	1 069

<sup>1</sup> Tabellen omfattar kommunale grunnskolar.

Kjelde: Elev- og klassetal: GSI, økonomital: SSB.

Tabell 5.2 viser at det var stor variasjon mellom kommunegruppene når det gjeld klassestorleik og driftsutgifter per elev. Kommunar med færre enn 300 grunnskoleelevar hadde i gjennomsnitt seks elevar mindre per klasse enn landsgjennomsnittet, og om lag ni elevar mindre per klasse enn dei største kommunane (dei med 10 000 elevar eller meir). Driftsutgiftene per elev i dei minste kommunane var i gjennomsnitt 67 700 kroner. Det er om lag 19 000 høgare enn landsgjennomsnittet.

Driftsutgiftene per elev heng i høg grad saman med klassestorleiken, med unntak for dei største kommunane, som trass i fleire elevar per klasse har høgare utgifter per elev enn dei nest største kommunane. Utgiftene per klasse varierer lite mellom kommunegruppene. Den einaste kommunegruppa som skil seg ut, er den som inneholdt dei fem største kommunane, der utgiftene per klasse i gjennomsnitt var 1 069 000 kroner, nesten 100 000 kroner over landsgjennomsnittet. Dei små kommunane, med færre enn 300 elevar, hadde i gjennomsnitt 929 000 kroner i driftsutgifter per klasse, 50 000 kroner under landsgjennomsnittet. Det har samanheng med at elevtalet i klassen er så lite.

## 5.2. Lærartimar til ulike undervisningsformål

### 5.3. Årstimar. Skoleåra 1997/98-1999/2000<sup>1</sup>



Skoleår	Årstimar	Minstetimetal	Delings-timar	Spesialunder-visning	Anna
1997/98 .....	46 538 930	26 382 759	7 045 582	5 731 128	7 379 461
1998/99 .....	48 159 209	26 799 215	7 107 304	5 932 170	8 320 520
1999/00 .....	48 157 328	27 173 362	6 751 532	5 975 774	8 256 660
2000/01 .....	48 828 717	27 594 493	6 859 812	6 002 999	8 371 413

<sup>1</sup> Tabellen omfattar både offentlege og private grunnskolar.

Kjelde: GSI

I tabell 5.3 er årstimar til ulike undervisningsformål vist i absolute tal.

Årstimane består av:

- Minstetimetalet er det timetalet elevane skal ha i løpet av skoleåret. Dette er fastsett i læreplanverka. Minstetimetalet vil stige med talet på klassar i grunnskolen
- Spesialundervisning etter enkeltvedtak blir løyvd på grunnlag av m.a. ei særskild, sakkunnig verdring av enkeltelevar. Elevar med særskilde opplæarringsbehov har rett til spesialundervisning.
- Delingstimar er generelle styrkingstiltak som blir nytta til å dele klassen (tolærarsystem i klassen eller undervisning i grupper). I delingstimanane er den andre pedagogen i førsteklassar med meir enn 18 elevar medrekna.
- Lærartimar til andre undervisningsformål om fattar særskild norskopplæring og morsmålsopp-læring for språklege minoritetar, tilvalsfag på ungdomstrinnet, avtalebaserte årstimar og ikkje-fordelte lærartimar.

Samla årstimetala har stege noko frå 1997/98 til 2000/01. Det har samanheng med at talet på klassar har auka i perioden. Talet på delingstimar gjekk noko ned frå 1997/98 til 1999/2000, men auka igjen frå 1999/2000 til 2000/01.

Talet på timar til spesialundervisning har vore stabilt i perioden 1997/98 til 2000/01. Alt i alt har samla årstimetala stege mindre enn undervisningstimetalet.

Tabell 5.4 viser at talet på delingstimar og timar til spesialundervisning blir redusert med kommunestorleik.

### 5.4. Timar til spesialundervisning, delingstimar og andre timar per elev etter kommunestorlek (elevtalet i kommunen). Skoleåret 2000/01<sup>1</sup>



Kommune-storlek (elevtalet i kommunen)	Tillegg til minstetimetalet i prosent av minstetimetalet		
	Tillegg per elev	Spesial- undervisning	Anna per elev
Gjennomsnitt .....	11,62	10,16	14,18
Mindre enn 300 .....	15,96	14,11	17,51
300 - 699 .....	13,72	13,21	15,67
700 - 2 399 .....	11,84	10,76	13,05
2 400 - 9 999 .....	10,96	9,36	13,31
10 000 eller meir .....	10,60	8,47	15,85

<sup>1</sup> Tabellen omfattar kommunale grunnskolar.

Kjelde: GSI.

Dette har samanheng med at den gjennomsnittlege klas-sestorleiken er større i dei store kommunane, noe som medfører ein stor driftsfordel. (jf. tabell 5.2). Timar til andre undervisningsformål vert òg redusert med storlei-ken på kommunegruppa, men aukar i den største gruppa. Det har framfor alt samanheng med timar til sær-skild norsk og morsmålsundervisning.

## 5.3. Årsverk i grunnskolen

### 5.5. Årsverk, årsverk per klasse og elevar per årsverk. Skoleåra 1997/98-2000/01



Skoleår	Årsverk per klasse	Elevar per årsverk	Elevar per assistentårsverk
1997/98 .....	1,98	10,01	212,34
1998/99 .....	2,05	9,70	155,11
1999/00 .....	2,05	9,74	143,19
2000/01 .....	2,06	9,74	132,36

Kjelde: GSI.

Skoleåret 2000/01 var det i GSI registrert i overkant av 60 000 årsverk til undervisning, administrasjon og assis-tenter.

- Undervisningspersonalet utførte meir enn 51 000 årsverk, eller 85 prosent av alle årsverka.
- Administrasjon omfattar årsverk til rektor, adminis-trasjonslærar, undervisningsinspektør, rådgje-var/sosiallærar og kontaktlærar for elevråd. Om lag 4 900, eller 8 prosent, av alle årsverka gjekk til administrasjon.
- Assistentar er tilsette i skolen som har oppgåver knyttet til å hjelpe læraren i undervisninga, og som har kommunale arbeidsvilkår. Assistentane utførte nesten 4500 årsverk, eller om lag 7 prosent av alle årsverka.

Det er assistentårsverka som har auka mest i perioden 1997/98 til 2000/01. Mens auken i undervisningsårsverk har vore 4 prosent i perioden, har auken i assistentårs-verk vore 67 prosent.

Talet på årsverk per klasse har vore stabilt på om lag to i perioden 1997/98 til 2000/01. Elevtalet per årsverk har også vore forholdsvis stabilt på om lag 10 i perioden 1997/98 til 2000/01.

Det er likevel knyttet ein del uvisse til rapporteringa av årsverk. Samanlikningar mellom årstimar og årsverk tyder på at årsverka kan vere underrapporterte.

**Vedl.tabell 1. Del skolar, etter skolestorleik (elevtal).**  
Skoleåra 1997/98 - 2000/01. Prosent

Sklestorleik (elevtal)	1997/98	1998/99	1999/00	2000/01
Mindre enn 100 .....	39,5	38,4	37,9	37,2
100 - 299 .....	41,6	41,9	41,1	40,8
300 eller meir .....	18,9	19,7	21,0	22,0

Kjelde: GSI.

**Vedl.tabell 2. Del elevar, etter sklestorleik (elevtal).**  
Skoleåra 1997/98-2000/01. Prosent

Sklestorleik (elevtal)	1997/98	1998/99	1999/00	2000/01
Mindre enn 100 ....	10,8	10,3	9,9	9,6
100 - 299 .....	46,1	45,7	44,0	42,9
300 eller meir .....	43,0	44,0	46,1	47,5

Kjelde: GSI.

**Vedl.tabell 3. Elevar som fekk spesialundervisning,**  
etter kjønn og tildelt timetal.  
Skoleåret 1999/00

Tildelte årstimer	I alt	Mindre enn 100	101-360	361 eller meir
<b>I alt .....</b>	<b>33675</b>	<b>7080</b>	<b>20714</b>	<b>5881</b>
Gutar .....	23392	4844	14524	4024
Jenter .....	10283	2236	6190	1857

Kjelde: GSI.

**Vedl.tabell 4. Elevar med særskild norskopplæring.**  
Skoleåra 1999/00 - 2000/01. Prosent

Fylke	Delen elevar	
	1999/00	2000/01
Østfold .....	4,51	5,66
Akershus .....	5,22	5,14
Oslo .....	16,31	20,42
Hedmark .....	2,57	2,58
Oppland .....	2,33	2,86
Buskerud .....	6,22	5,85
Vestfold .....	3,68	4,10
Telemark .....	4,27	3,81
Aust-Agder .....	3,87	3,33
Vest-Agder .....	6,75	6,76
Rogaland .....	3,96	4,22
Hordaland .....	3,52	3,30
Sogn og Fjordane .....	2,16	2,35
Møre og Romsdal .....	2,68	3,00
Sør-Trøndelag .....	3,47	3,91
Nord-Trøndelag .....	1,44	1,49
Nordland .....	1,88	1,86
Troms .....	1,67	1,77
Finnmark .....	3,47	3,72

Kjelde: GSI.

**Vedl.tabell 5. Elevar med morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.** Skoleåra 1999/00 - 2000/01. Prosent

Fylke	Delen elevar	
	1999/00	2000/01
Østfold .....	2,79	2,95
Akershus .....	1,50	3,00
Oslo .....	6,28	7,72
Hedmark .....	2,14	2,41
Oppland .....	2,16	2,29
Buskerud .....	4,13	4,15
Vestfold .....	1,71	2,47
Telemark .....	2,81	2,71
Aust-Agder .....	1,93	2,85
Vest-Agder .....	0,51	2,89
Rogaland .....	0,60	1,66
Hordaland .....	0,94	2,86
Sogn og Fjordane .....	1,30	1,44
Møre og Romsdal .....	1,73	1,83
Sør-Trøndelag .....	1,80	1,94
Nord-Trøndelag .....	0,95	1,12
Nordland .....	1,15	1,14
Troms .....	1,59	1,80
Finnmark .....	4,26	4,48

Kjelde: GSI.

**Vedl.tabell 6. 1.-4.-klassingar med plass i skolefritidsordninga (SFO).** Hausten 1999-2000. Prosent

Skoleår	Del elevar med plass i SFO			
	1. klasse-trinn	2. klasse-trinn	3. klasse-trinn	4. klasse-trinn
1999/00 .....	60,3	56,7	46,1	24,7
2000/01 .....	63,0	59,0	48,3	26,4

Kjelde: GSI.

**Vedl.tabell 7. Barn per tilsett og barn per årsverk i skolefritidsordninga (SFO).** Hausten 1999-2000

Skoleår	Barn per tilsett	Barn per årsverk
1999/00 .....	8,57	17,07
2000/01 .....	8,59	17,03

Kjelde: GSI.

**Vedl.tabell 8. Gjennomsnittleg maksimal foreldrebetaling per månad i skolefritidsordninga (SFO).** Hausten 1999-2000

Skoleår	Opphaldskategoriar	
	6-14 timer	15 timer eller meir
1999/00 .....	413	798
2000/01 .....	447	851

Kjelde: GSI.